

## Flott jubileumsfest i helselaget.

12.03.2017



50 gjester samla til 100-årsfest.

Ungdomshuset Helgheim var festpynta både i storsalen og i matsalen i kjellaren laurdag ettermiddag då Uskedal helselag tok mot rundt 50 gjester for å feira at laget no rundar 100 år. Den aktive og høgst oppegående hundreåringen vart heidra med eit flott jubileumsfestprogram.



Mellom gjestene var varaordførar Hans Inge Myrvold og Ingvild Tjønn Hansen frå fylkeskontoret til Nasjonalforeningen.

Mellom dei 50 gjestene var også varaordførar Hans Inge Myrvold og Ingvild Tjønn Hansen frå Nasjonalforeningen sitt fylkeskontor for Hordaland og Sogn og Fjordane. Første del av festen føregjekk i matsalen med festmiddag, men etter at Eli Roseth Eik i helselaget hadde ønskt velkommen, gav ho ordet til ordføraren for dagen, Hans Inge Myrvold, som helsa og overrekte blomar frå kommunen. Elins Matgleder og dei unge, flinke medhjelparane hennar sytte for at festgjestene fekk servert velsmakande festmiddag med blomkålsuppe til forrett og oksesteik til hovudrett. Mellom forrett og hovudrett var det tid til kåseri, og festens kåsør Svein Rimestad viste at han har ordet i si makt også denne gongen. Kva var vel meir passende enn at tema for kåseriet var helse, og kåsøren hadde mange interessante tankar om det temaet.

Etter middagen forflytta festlyden seg opp hovudsalen, og der fekk vi først oppleva ein flott minikonsert med Lina Håland(song) og Erlingur Nielsson(gitar). Dei opna med 'Morer' av Stavanger-kunstnaren Svein Tang Wa som han visstnok framførte for første gong i ein bursdag for mor si. Deretter heldt dei fram med ei vise av Ola Bremnes og vidare med Bob Dylan på norsk(omsett av Bjarne Hjelmeland) før dei avslutta den flotte konsertavdelinga med to svingande gospelnummer. Det siste var ekstrasnummer då publikum absolutt ville ha meir!

Skrivar i Uskedal helselag, Eli Roseth Eik, framførte 100-åringen si lagsoge. Det var omfattande og interessant. Det minna oss om dei gode tiltaka laget hadde vore involvert i, og kor mykje laget hadde betydd for helsearbeidet. Den fortalde også om store omstillingar, og at laget hadde tilpassa seg stadig nye oppgåver. Medan programmet gjekk framover kosa festlyden seg med lefser og Kvit Dame til kaffien.

Mot slutten av festen kom det absolutte høgdepunktet då Margit Eik, Hilda Guddal og Selma Eik vart tildelt Nasjonalforeningen si nål og diplom for lang, trufast og god innsats([Sjå eiga sak.](#)). Etter at Ingvild Tjønn Hansen haddet tildelt heidersteiknet til dei, heldt ho helsingstale til laget få fylkeslag og frå Nasjonalforeningen sentralt. Det var tydeleg ho kjende godt til Uskedal helselag, og ho understreka fleire gonger i talen den gode drifta i laget og den gode kontakten dei hadde med fylkeslaget. Ho overrekte gåve på 3000 kr. frå Nasjonalforeningen sentralt, og 3000 kr og blomar frå fylkeslaget.

Styret for Uskedal helselag i jubileumsåret er: Berit H. Myklebust(leiars), Sara H. Arnesen(nestleiar), Eli Roseth Eik(skrivar), Klara Bakke(kasserar) og Anna Rød(styremedlem). Marian Rød Hauso og Lene Gjuvsland Skjelnes er varamedlemmer.



Blomkålsuppe og oksesteik var menyen på festmiddagen



Gjestene kosa seg rundt bordet i den fine matsalen i Helgheim



Og drøsen gjekk godt.



Varaordførar Myrvold helsa frå kommunen og overrekte blomar til laget ved leiar Berit H. Myklebust.



Svein Rimestad kåserte om helse



Kaffi og kaker hørde også med.



Lina og Elli hadde ei flott konsertavdeling.



Eli Roseth Eik framførte innhaldsrik og interessann lagssoge



Plakatar fortalde om lagsaktiviteten.



Plakatar som vart laga til 90 årsjubileet for 10 år sidan



Helselaget lånte i mange år ut koppar og dekketøy til større lag og selskap.



Fornøgte festdeltakrar.





Ingvild Tjønn Hansen helsa og overrekte gåve frå fylkeslag og sentrallag



Det absolutte høgdepunktet kom ved tildelinga av heider til Selma, Margit og Hilda.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland